

# Folketal, demografi og prognose for Nordhordland


## 1 Innleiing


SSB kom med oppdatert prognose for utvikling av folketalet i kommunane i juni 2016. I dette notatet er det laga ein samanstilling av utviklinga av folketalet og prognosane framover for Nordhordland (Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy). I prognosen er det nytta SSB sitt hovudalternativ, middels alternativet for fruktbarhet, levealder og innanlandsk flytting og innvandring (MMMM). Prognosane for dei minste kommunane vil nok ha størst usikkerhet. Det vil også vere interessant å sjå på den nye samanslåtte kommunen – Lindås, Meland og Radøy frå 01.01.20.

Det er også sett på utviklinga av folketalet i ulike aldersgrupper. Det vil ha stor betydning for dei ulike tenestetilboda til kommunane som til dømes, barnehage, skule, helse og eldreomsorg.


## 2 Folketalsutvikling.


Har sett på utviklinga av folketalet frå 2005 til 01.01.16 og prognosen fram til 2040. Det store bilete er at dei største kommunane har den største veksten og Meland skil seg klart ut.





Kommunane Lindås, Meland og Radøy (3K) vert ein kommune frå 2020. Dei tre kommunane får gradvis stadig større del av folketalet i Nordhordland. No i 2016 er det 64 % og i 2030 er prognosen 66 %. I 2005 var det 61 %. Osterøy sin del er om lag 18 %.












Meland og Lindås har ein forventa vekst som høgare enn for landet totalt fram til 2040. Austrheim og Osterøy om lag som for landet, litt over. Dei andre kommunane ligg under det som er forventa for landet totalt. På Fedje er det forventa negativ vekst og Masfjorden og Gulen er det forventa at folketale held seg på dagens nivå.

Endringar i folketalet kan skuldast:

- Fødselsoverskott – Tal fødde - minus tal døde
- Netto innflytting – Tal innflytta – minus tal utflytta









### 3 Demografi


Aldersfordelinga mellom kommunane varierer ein god del. Meland har den yngste befolkningen – 24 % er 15 år og yngre og 10 % er 68 år og eldre. Det gjer at Meland har færre over 80 år enn Radøy sjølv om folketalet i Meland er meir enn 50 % høgare.



**Utvikling og prognose - 0-5 år - 2005 = 100 %**




**Utvikling og prognose - 6-15 år - 2005 = 100 %**




Det er i kommunane Meland og Lindås det er forventa størst vekst i den yngre del av befolkninga, men også i Austrheim og Osterøy.

**Utvikling og prognose - 67+ - 2005 = 100 %**




**Utvikling og prognose - 80 år og eldre - 2005 = 100 %**



Frå og med 2025 vil der skje ein stor auke i tal personar 80 år og eldre, det vil spesielt gjelde for Meland, Austrheim og Lindås.





Figuren over viser at forholdet mellom tal personar i alderen 20 – 67 år i forhold til 68 år og eldre viser ein fallande tendens. I 2010 var forholdet nesten 5 for Nordhordland og i 2016 var det på 4,3 og det er forventa og vere på 3,3 i 2030. I fleire av dei minste kommunane er det allereie under 3.